

**Kopi av e-post frå Samnanger næringsforum v/Knut Bjørnås til Hordaland fylkeskommune v/Hans Inge Gloppen**

**Fra:** Knut Bjørnås [mailto:[knut.bjoernaas@hotmail.com](mailto:knut.bjoernaas@hotmail.com)]

**Sendt:** 6. november 2015 11:32

**Til:** [hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no)

**Kopi:** Jan Erik Boge; Tone Ramsli

**Emne:** Søknad om tilskot til utbygging av fiber.

Hei Hans Inge,

Takker for hyggeleg telefonsamtale i dag 06.11. Som avtalt oversender eg kopi av skriva eg refererte til - Dvs:

- Tiltak nr. 2 i strategisk Næringsplan for Bergensregionen.
- "Regionens digitale konkurransevilkår" (Hordaland Fylkeskommune har teke på seg oppfølging av dette tiltaket).
- Utskrift av ein artikkel i lokalavisa "Samningen" der divisjonssjef i BKK Marked uttaler seg om utbygging av fiber til industriområda i Rolvsåg.
- Brev frå Lerøy Vest avd. Sagen der ein blant anna ber om utbygging av fibernett vert prioritert.

Som nevnt i samtaLEN vår har me tidlegare fått indikasjoner på at ei fiberutbygging til Lerøy Sagen er kostnadsrekna til Ca. kr. 2. - 2,2 mill og ei vidare utbygging til Rolvsåg industriområde, ytterlegare ca. Kr. 3.5 - 3,7 mill.

Lerøy Vest AS Sagen er ei verksemd i vekst som er i stor grad avhengig av eit godt utbygd digitalt nettverk.

Rolvsåg Industriområde og også eit område under utvikling. Pr. dato er Conform, Faginnredning, Odland Maskin, Hordaland Asfalt og K.I. Svensdal dei største aktørane som har etablert seg her. Samnanger Kommune har nylig ferdigstilt ein reguleringsplan som mogleggjer ei relativt stor utviding av dette industriområdet. Dette er klart til å takast i bruk. Næringsforumet har peika på at digital infrastruktur kan vera avgjørende ved marknadsføring av området ovanfor nye investorar.

Både ved Lerøy Vest Sagen og ved industriområdet er det mange boliger som også vil kunna nyta godt av ei framføring av fiber til områda.

Av samtaLEN vår forsto eg at neste søknadsfirst for eventuelle tilskot er i mars 2016 og utbetaling på hausten same året.

Forsto også at det er Kommunen som bør søkja, men at Næringsforumet gjerne kan utforma

søknaden i samarbeid med Kommunen.

Fylkeskommunen har tidlegare vert i kontakt med Jan Erik Boge ved Kommuneadministrasjonen i Samnanger vedr. denne forespørselen og at du vil kontakta han på ny. (Jan Erik Boge og rådmann Tone Ramsli er kopiert inn på denne mailen).

Igjen takker me for samtalen og ser fram til å motta søknadsprosedyre og søknadsskjema i god tid før fristen.

Ta gjerne kontakt med underteikna om spørsmål eller om du treng fleire opplysningar.

Med beste helsing

For Samnanger Næringsforum

Knut Bjørnås

mobil: 97094408

e.mail: [knut.bjoernaas@hotmail.com](mailto:knut.bjoernaas@hotmail.com)

## Vedlegg 1 til e-post fra Samnanger næringsforum v/Knut Bjørnås (Tiltak nr. 2 i strategisk Næringsplan for Bergensregionen)

### TILTAK 2015-2016

### - STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 har en tiltaksdel som skal rulleres hvert annet år. Tiltakene er konkrete aktiviteter som er sentrale for den videre utviklingen av regionen.

Tiltakene skal være påbegynt, og gjerne avsluttet i løpet av toårsperioden fra vedtatt plan til ny tiltaksplan blir utarbeidet. Tiltakene er knyttet opp mot de enkelte fokusområder i Strategisk næringsplan.

#### Organisering av tiltakene

Til det enkelte tiltak er det knyttet en tiltakseier. En tiltakseier er den organisasjon som er ansvarlig for å gjennomføre tiltaket. Det er ingen forutsetning at tiltakseier skal gjennomføre tiltaket alene. Det forutsettes en bred medvirkning fra kommuner, næringsorganisasjoner, klyngeorganisasjoner, forsknings- og utviklingsorganisasjoner,

utdanningsinstitusjoner og representanter for for at tiltakene skal løse gjennomført. Tiltakseier er ansvarlig for å definere tiltakets omfang, hvilken leveranse tiltaket skal bidra til [resultatforventning], hvem som er kritiske bidragsytere for å sikre leveransen, hvordan tiltaket skal løses, og når det kan forventes at tiltaket kan avsluttes.

Business Region Bergen er av sine eiere pålagt ansvar for den toårige rulleringsprosessen og å følge opp at tiltakseiere holder fremdrift i forhold til tiltakene. Videre skal Business Region Bergen sende en årlig rapport til sine eiere om fremdrift i tiltakene. Sammen med tiltakseiere skal Business Region Bergen finne en praktisk og ubyråkratisk rapporteringsform som sikrer fylkesting og kommunestyre god rapportering i forhold til status på det enkelte tiltak. Business Region Bergen har ingen instruksjonsrett overfor tiltakseierne.

### Tiltak knyttet til Næringslivets rammevilkår

#### Tiltak 1: Regionale utviklingsaktører

Fylkeskommunen og kommunene bidrar med betydelige finansielle ressurser til regionens ulike utviklingsaktører som nettverksorganisasjoner, klyngeorganisasjoner og Business Region Bergen. For å dra enda større nytte av disse aktørene, er det et ønske fra fylkeskommunen at flest mulig av disse aktørene finner sammen i et kontorfellesskap. Nyttæffekten av dette er hovedsakelig knyttet

til at aktørene i større grad sikrer samhandling og ressursoptimalisering gjennom gjensidig rolleavklaring og rolleforståelse. Videre er det et stort potensial i å hente ut kostnadssynergier gjennom deling av felles infrastruktur og administrative funksjoner.

Tiltakseier: Hordaland fylkeskommune

### Tiltak knyttet til Fysisk og sosial infrastruktur - N3!

#### Tiltak 2: Regionens digitale konkurransevilkår

Det er gjennomført en undersøkelse av selskapet «Dreies» bestilt av Business Region Bergen. Undersøkelsen konkluderer med at Bergensregionens elektroniske infrastruktur bør styrkes for ikke å skape negative konkurransesforhold for regionens næringsliv. Deler av regionen har relativt dårlig dekning på mobilt nett, noe som skaper begrensninger for digital kommunikasjon utenfor regionens sentre.

Dette prosjektet skal kartlegge behov for, og vurdere muligheter for å forbedre den digitale infrastrukturen innenfor i fylket, og inn og ut av fylket,

nasjonalt og internasjonalt. Framtidig infrastruktur må være tilpasset framtidig tjenestetilbud på nettet. Å ha en god digital infrastruktur er nødvendig for et fremtidsrettet, internasjonalt næringsliv, for FoU-miljøene i regionen og for offentlige institusjoner.

Tilgang til digital infrastruktur må styrkes både i kommersielle og ikke-komersielle backbone-nett, og det må etableres økt redundans og direkteleier til det øvrige Europa.

Tiltakseier: Hordaland fylkeskommune

## Vedlegg 2 til e-post frå Samnanger næringsforum v/Knut Bjørnås

(Utskrift av ein artikkel i lokalavisa "Samningen" der divisjonssjef i BKK Marked uttaler seg om utbygging av fiber til industriområda i Rolvsvåg)

24.9.2015

samningen

# Fiber-breiband til fleire

**BKK går no ut og tilbyr fiber til dei fleste husstandar frå Haga til Bjørkheim/Nordbygda.**

– Responsen har vore veldig god, fortel Jan Olav Langeland, som er divisjonssjef i BKK Marked.

ANNE LIV HAUKNES

Dei gjekk ut med tilbodet sist måndag, på slutten av veka hadde 125 husstandar meldt seg på. BKK håpar på fleire fiberkundar i tida framover, og har som mål å starta utbygginga i haust.

Lønnebakkfelta var det første området i Samnanger som fekk fiber. Frøland fekk i fjar, ved hjelp av tilskot frå staten. Også på Tysse har BKK fiber på plass, og leverer både til kommunen og til næringskundar.

– Det er også aktuelt å tilby fiber til privatkundar på Tysse, men me har ikkje konkrete planar for dette no, seier Jan Olav Langeland.

Ordførar Marit A. Aase har arbeidd for ei vidare fiberutbygging i Samnanger, og er glad for at kommunen no har fått gjennomslag hos BKK. Ho fortel at særlig utbyggjarane av Storhaugen ved Bjørkheim har engasjert seg. Skikkeleg breiband er noko folk legg vekt på når dei skal kjøpa husvære eller hus. Fiber gjev hurtig breiband med stor kapasitet, og høve til tilleggstenester som TV og telefon.

NB →

**HUSSTANDANE** i Samnanger kan enten velja ein tilbodspakke med Altibox (digital-TV, internett og telefon) eller fiber som eit enkeltprodukt. Det kostar ca 1500 kroner meir å etablira fiber som enkeltprodukt.

Jan Olav Langeland fortel at dei fleste BKK-kundar mellom Haga og Nordbygda har fått tilbodet, men ikkje alle.

– Me har utelete dei dyraste områda, men vil dimensjonera for at dei kan kopla seg til seinare, fortel han.

Godt og stabilt breiband er svært viktig for industrien, t.d. dagens og framtidige verksem-

der på industriområdet i Rolvsvåg.

– Rolvsvåg er eit område me har vurdert i samarbeid med Samnanger kommune. Men avstanden til nærmeste fibernett kombinert med kundegrunnlaget i området gjer desverre at BKK ikkje kan gjennomföra ei kommersiell utbygging her. Her har me bruk for privat og/eller statleg støtte for å forsvara investeringane, seier Jan Olav.

Tilgangen på fiber er ein heilt annan i vidstakte Fusa kommune, der Fusa kraftlag har sytt for fiber i alle bygder.

– I Fusa er det innbyggjarane so eit kraftlaget, og dei driv etter ein annan økonomisk modell. BKK Marked er avhengig av at me ivaretak lønsemada, seier Jan Olav Langeland.

Han understrekar at det kostar å byggja ut fiber i Samnanger, og at dei er avhengige av at det offentlege bidreg dersom Samnanger skal få like høg fiberdekning som Fusa. Inntil vidare må mange nøya seg med radiobaserte løysingar.

## Meir fiber frå Kvamnet?

BKK er ikkje einerådande i Samnanger. Kvamnet har mange kundar her i kommunen, også ein del fiberkundar.

Dagleg leiar Steinar Foss Andersen fortel at Kvamnet har fiber i to område: Eikedalen og Hagabotnane-Tveit-Langeland. I Eikedalen er ikkje berre

bustader, men også nye hytter knyttet til fibernettet.

Kvamnet AS har satsa mykje på fiber i Kvam og Jondal, og kan tenkja seg å byggja ut fleire stader i Samnanger også, ifølgje dagleg leiar. Men i grisgrindte område er dei avhengige at utbygginga vert subsidiert med

tilskot.

Selskapet har rundt 10 sendarar for trådlauast breiband i Samnanger. Dei fleste er oppgraderte til 20 megabit, og dei arbeider med å auka kapasiteten på resten.

### Vedlegg 3 til e-post frå Samnanger næringsforum v/Knut Bjørnås

(Brev frå Lerøy Vest avd. Sagen der ein blant anna ber om utbygging av fibernet vert prioritert)



Samnanger Næringsforum  
v/ Knut Bjørnås

Sagen 02.10.2015

#### **Utbygging av fiber til Sagen – samt busstilbod i området ved Sagen**

Lerøy Vest AS (LV) er eit havbrukselskap i Lerøy Seafood Group (LSG), selskapet omset årleg for om lag NOK 1,4 mrd. Ved avdeling Sagen i Samnanger kommune produserer LV rognkjeks og setjefisk av laks samt eit lukka anlegg i sjø der me produserer postsmolt. Til denne produksjonen er me heilt avhengig av å ha ein stabil og god nettverkstilgang. Ein god del av kommunikasjonen internt på anlegget og til dei ulike avdelingane i selskapet går gjennom internett.

LV avd. Sagen har avgrensa hastighet på nettverket, noko som gjer at ein del oppgåver vert unødig tungvint å løysa. Det er derfor viktig for LV at det vert bygd ut fibernet i området Sagen, slik at ein kan få auka hastigheten og informasjonsflyten på avd. Sagen. Dette er viktig da både alarmsystem, driftsregistreringane, og rekneskapen er avhengig av eit godt og raskt nettverk. **LV avd. Sagen vil derfor be om at det vert prioritert å byggja ut fibernettet til Sagen.**

LV er også ei stor lærebedrift, og me tek lærlingar frå Fusa og Austevoll vidaregåande skular. Avd. Sagen har ein lærling i dag, men det er ei utfordring med å ta inn lærlingar som ikkje er gamle nok til å kjøre bil, da busstilboden om morgonen og ettermiddagen ikkje er godt nok. Utfordringa vert da logistikk til lærlingane eller i verste fall ikkje ta i mot lærlingar. **LV avd. Sagen vil derfor be om at ein betrar buss sambandet til Sagen morgen og kveld.**

Treng De ytterlegare informasjon ver venleg ta kontakt med underteikna på tlf. 957 49 382 eller e-post : [ulf.thorsvik@leroyvest.no](mailto:ulf.thorsvik@leroyvest.no)

Med venleg helsing  
Lerøy Vest Avdeling Sagen

Ulf Thorsvik  
Leder Postsmolt og Rensfisk ved : Lerøy Vest avd. Sagen